



Arkivsaknr: 2025/3452-1
Sakshandsamar: Edvard Feyling Hviding
Avdeling: Plan og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Revisjon: Grenseverdiar for risiko- og sårbarheitsanalyse

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	04.06.2025
	Kommunestyret	19.06.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Areal, plan & miljø gjev sin tilslutning til vedtak av nye grenseverdiar for risiko- og sårbarheitsanalyse for Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for areal, plan og miljø for vidare endeleg vedtak i kommunestyre

Bakgrunn

Alver kommune har gjennom kommuneplanens samfunnsdel slått fast at Alver skal vere ein kommune med trygge og livsglade innbyggjarar, med god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse. Innbyggjarane i Alver skal bu i trygge og gode bustader og ha tilgang til effektiv og trygg trafikkavvikling. I arbeidet med planer må det gjerast ei risikovurdering for dei tiltak som skal planleggast, og det må gjennomførast etter ein vedteken metode.

Som grunnlag for arbeidet med samfunnstryggleik ligg målet om lågare risiko og sårbarheit, og måla frå kommuneplanens samfunnsdel. Samstundes vil det ved endra arealbruk alltid vere ein risiko for at det kan kome skade på personar, samfunnsstabilitet og materielle verdiar, gjennom hendingar utløyst av naturen, tekniske eller menneskelege feil og bevisste handlingar.

Akseptkriteriane bedøm kva risiko som er akseptabel for ny arealbruk. Alver kommune har behov for å oppdatere matriser som gjenspeilar kommunen og befolkninga. I arbeidet med

kommuneplanen sin arealdel skal det gjerast ei vurdering av kva slags verknad arealendring kan ha for samfunnet og befolkninga. Ved vurderinga av arealinnspel som har kome inn til kommuneplanens arealdel må ein vurdere om risikoen for liv og helse, samfunnsstabilitet og materielle verdiar er akseptabel eller ikkje.

I møte 22. Mars 2023 presenterte administrasjonen førebels sak på akseptkriteriar til drøfting med politisk styringsgruppe for kommuneplanen sin arealdel. Føremålet var å gje politisk styringsgruppe ei innføring og oppdatering på arbeidet som blir gjennomført på grunnlag av nye framlegg av nye grenseverdiar og risikomatrise for arealvurdering i PlanROS.

24. Mai 2023 blei saka behandla i utval for areal, plan og miljø for så endeleg vedtak i Alver kommunestyre 22.06.2023.

Sakshistorikk

Utval for areal, plan og miljø 24.05.2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 069/23 Vedtak:

Innstilling i APM - 24.05.2023:

Kommunestyre gjev sin tilslutning til vedtak av nye grenseverdiar og risikomatrise for Alver kommune.

Alver kommunestyre 22.06.2023:

Handsaming:

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

KO- 085/23 Vedtak:

Kommunestyre gjev sin tilslutning til vedtak av nye grenseverdiar og risikomatrise for Alver kommune.

Saka gjeld

I prosessen med kommuneplanen sin arealdel og vidare arbeid med detalj og reguleringsplan har det kome frem at det er naudsynt med ei oppdatering av dei vedtekne risikomatrise. Ei anbefaling om å vidare vurdere om K4S1, K3S3 og K2S5 bør endrast til gul risiko. I nyare reguleringsplanar i Alver har fleire tema som blir grøne. Gule felt på reguleringsplannivå indikerer kva slags risiko som skal bli vurdert, så langt dette er praktisk og økonomisk mogeleg (dette er presisert i grenseverdiane som er vedtekne). Med dei grenseverdiane som føreligg, betyr det til dømes i praksis at alvorleg skadde per 51 år

(K3S3), eller få lett skadde hvert år (K2S5) er akseptabel risiko, og ikkje trenger vidare utgreiingar eller vurderingar. Sjå følgjande figurar for samanlikning:

Figur 1 (synar vedtatt matrise)

S5 – 1 gong per 0-10 år					
S4 - 1 gong per 10-50 år					
S3 - 1 gong per 50-100 år					
S2 - 1 gong per 100-200 år					
S1 - Sjeldnare enn 1 gong per 200 år					
	K1 – - Ingen personskade	K2 – - Få lett skadde/sj uke	K3 – - Få, men alvorleg skadde/sj uke, mange mindre skadde/sj uke (mindre enn 10)	K4 – - Inntil 2 døde, og/eller 5 alvorleg skadde/sj uke	K5 – - Meir enn 2 døde, og/eller meir enn 5 alvorleg skadde/sj uke

Figur 2 (synar føreslått oppdatert matrise):

S5 – 1 gong per 0-10 år					
S4 - 1 gong per 10-50 år					
S3 - 1 gong per 50-100 år					
S2 - 1 gong per 100-200 år					
S1 - Sjeldnare enn 1 gong per 200 år					
	K1 – - Ingen personskade	K2 – - Få lett skadde/sj uke	K3 – - Få, men alvorleg skadde/sj uke, mange mindre skadde/sj uke (mindre enn 10)	K4 – - Inntil 2 døde, og/eller 5 alvorleg skadde/sj uke	K5 – - Meir enn 2 døde, og/eller meir enn 5 alvorleg skadde/sj uke

Vurdering

Det vurderast som naudsynt at risikomatrisene oppdaterast med ovannemnte forslag til endring. Saka har vore til vurdering sjå Statsforvalteren i Vestland, og diskutert internt i administrasjonen. Om ein ikkje oppdaterer risikomatrissa vil ein akseptere for høg risiko utan at det utløysar krav om vidare utgreiing eller vurdering.

Kommunedirektøren si tilråding

Det er eit behov for oppdaterte grenseverdiar for risiko- og sårbarheitsanalyse både i reguleringsplanlegginga og det er eit krav i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Kommunedirektøren meiner dei nye kriteria vil vere eit godt arbeidsverktøy for å sikre ein god og trygg arealutvikling i Alver. Kommunedirektøren tilrår at areal, plan og miljø gjev sin tilslutning til vedtak av nye grenseverdiar for risiko- og sårbarheitsanalyse for Alver kommune (Vedlegg 1).

Vedlegg i saka:

- 1 Grenseverdiar for risiko- og sårbarheitsanalyse (2025)